



2024

Årsrapport



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III: Aktivitetar og resultat 2024	11
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	24
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	29
Del VI: Årsrekneskap 2024	33

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda

Postboks 500

6101 Volda

Telefon: 70 07 50 00

postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

hivolda (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

Design

Fantastiske Osberget

Foto

Karl August Swanstrøm, Tone Solhaug, Kristian Glomnes Selon, Lea K. Albertsen, Lene Flataker, Maeva Cornella Cecillon, Emil Leenderts, Seanse, Vilde Moltudal Igland, Per Straume, Marius Beck Dahle, Steinarr Sommerset.



Del I: Årsmelding frå styret 2024

Høgskulen i Volda (HVO) fekk i 2024 akkreditert doktorgradsprogrammet «Utdanning, språk og kultur». NOKUT-direktør Kristin Vinje omtalte dette som «eit nytt kapittel i høgskulens historie», og det er ei oppfatning styret deler. I januar opna HVO det totalrenoverte Hans Strøm-huset, med nye og oppdaterte lærings-, student- og tilsettareal, noko som dannar grobottn for vidare utvikling av det gode lærings- og studiemiljøet ved HVO. Dette var ei nødvendig oppgradering av eit 40 år gammalt bygg, der ombruk og berekraft var viktige føringer for oppussinga.

Arbeidet i styret

Styret ved HVO gjennomførte seks ordinære styremøte i 2024. I tillegg var det 16 ekstraordinære møte, og dei handla hovudsakleg om utfordringar i høgskuleleiinga. Styret har blitt betre kjent med HVO gjennom orienteringar frå fagmiljøa og deira aktivitetar. Styret er også godt orientert om planane for Aasenkvartalet og Norsk Innovasjonssenter AS, som vil gjere Volda til ein sterkare og meir attraktiv campus.

Styret har i 2024 handsama sentrale saker knytte til økonomi, strategi og kvalitet i utdanning og forskning. Styret har vedteke viktige endringar i budsjettmodellen med mål om å støtte betre opp under strategiske satsingar. Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa og ressursbruken i 2024. Resultatet er om lag i tråd med prognosane og litt høgare enn budsjettet. Dette kjem hovudsakleg av lågare investeringar og driftskostnader enn planlagt, særleg innan eigedom og IT. Styret er i hovudsak nøgd med HVO si økonomiske styring, men strammare rammevilkår vil gjere det nødvendig med ei tettare oppfølging av økonomien i åra som kjem. Avsetningane har auka med 5,3 millionar kroner og utgjør totalt 47,4 mill. Avsetningane vil bli nytta til investeringar i campusutvikling og utstyr og dessutan til strategiske satsingar som bidreg til å skape ei positiv utvikling på dei resultatbaserte indikatorane til høgskulen.

Styret gjennomfører årlege evalueringar av arbeidet sitt. I tillegg har det vore gjennomført korte evalueringar av alle dei ordinære styremøta i 2024.

Styresamansetjinga

I 2024 er det valt inn to nye studentmedlemmar, Mathea Dagestad og Noah Aarseth. Vidare har Shazia Majid trekt seg, og Kunnskapsdepartementet har oppnemnt Irene Sandlie som ny styremedlem.

Utdanning, forskning og organisasjon

Høgskulen har dei siste åra hatt ein nedgang i studenttalet. For 2024 ser vi ein liten auke samanlikna med 2023. Talet på studentar i 2024 er 4 445. Ei uro for styret er at eit aukande tal studentar tek nettbaserte eller kortare desentraliserte utdanningar, samtidig som talet på studentar på campus- og gradsutdanningane går ned. I 2024 fjerna HVO dei spesifikke opptakskrava for grunnskulelærarutdanningane, noko som har vore viktig for å sikre eit berekraftig utgangspunkt i desse utdanningane.

Når det gjeld kandidatar ved HVO som gjennomfører bachelor- og masterutdanninga på normert tid, er det ein solid auke i 2024 samanlikna med 2023. Det er svært gledeleg. Styret vil halde fram med å følgje opp arbeidet med gjennomstrøyming, med særleg vekt på tiltak for å betre gjennomstrøyminga i nettbaserte utdanningar. Dei langsiktige tiltaka på dette området ser styret som viktige for å sikre at vi driv utdanningar av høg kvalitet og med god gjennomføring.

Ved utgangen av 2024 hadde høgskulen i overkant av 40 kandidatar i doktorgradsløp. Nokre av kandidatane har vore finansierte av eksterne aktørar, men størsteparten har vore finansierte gjennom prioriteringar over eige budsjett. Doktorgradssatsinga er ein del av det langsiktige arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetansebygging internt. Satsinga har gitt resultat, og i 2024 var det sju som disputerte. Det er på same nivå som i 2023. Styret forventar at ein vil liggje på same nivå i åra framover, samtidig som ein større del av kandidatane vil avleggje doktorgrad på HVO sine eigne program.

Høgskulen hadde i 2023 ein gledeleg auke i publiseringspoeng. Talet for 2024 er 0,58 poeng per årsverk, og vi har greidd å halde på auken frå 2023. Volumet er samtidig framleis lågt, og styret er oppteke av at HVO held fram det systematiske arbeidet med å auke publiseringa.

Dei siste åra har mange vitenskapleg tilsette hatt opprykk til første- og toppkompetanse. Styret er godt nøgd utviklinga på dette området. Det nye doktorgradsprogrammet «Utdanning, språk og kultur» og fellesgraden i helse- og sosialfag (Profesjonsutøving – vilkår og utvikling) med Høgskulen i Molde er begge viktige for å sikre at HVO-tilsette også i åra framover får opprykk. Styret vil høgne ambisjonane og arbeide for å byggje endå betre rammer for kvalifisering.

Som ei oppfølging av omleggingane av den nasjonale finansieringsmodellen for sektoren blei budsjettmodellen ved HVO revidert i 2024. I den er alle økonomiske insentiv til forskning fjerna. Styret ser at høgskulen framleis treng slike insentiv for å auke forskingsaktiviteten, og Forskingsutvalet får ei viktig rolle i å fordele midlar. Styret vil følgje utviklinga tett og vurdere om det er behov for vidare justeringar av budsjettmodellen.

Det er fleire prosjekt på gang ved HVO som styret meiner vil kunne gi positive effektar. Mellom anna har det ei tid blitt arbeidd med ein eigen strategi for framtidig etter- og vidareutdanningsaktivitet.

HVO har i 2024 gjennomført ARK – arbeidsmiljøkartlegging. Resultata viser ei positiv utvikling på samtlige hovudområde frå førre kartlegging (2021). Styret er godt nøgd med ei deltaking på 71,3 prosent av dei tilsette, noko som er tydeleg høgare enn gjennomsnittet for UH-sektoren. Samtidig er styret uroa over sjukefråværet ved HVO. Dette har vore høgt i mange år og var i 2024 på 7,6 prosent. Det blir arbeidd systematisk både førebyggjande og med tiltak retta mot langtidsfråvær. Styret forventar at dette gir resultat.

Forhold som har verka inn på resultatata

I heile 2024 har Høgskulen i Volda vore i ein svært krevjande prosess knytt til den sentrale leiinga (av Kunnskapsdepartementet omtala som den administrative utfordringa). Styret ser med uro på at dette påverkar organisasjonen og arbeidsmiljøet i stor grad, og det har særleg seinka det meir langsiktige strategiarbeidet. Samtidig ser styret at organisasjonen leverer utdanningar, forskning og administrative tenester av høg kvalitet. Styret gir høg prioritet til arbeidet med vidare framgang i saka.

Dei viktigaste prioriteringane framover

Høgskulen i Volda går inn i ein periode som sannsynleg vil føre til at løyvingane går ned, og vi må vere budde på interne omstillingar for å møte framtida sine behov. For å kompensere for lågare løyvingar må vi leggje endå meir vekt på ekstern finansiering. Det er viktig for høgskulen å arbeide godt med vidareutvikling og dimensjonering av studieporteføljen og å auke mengda av eksternfinansierte forskingsprosjekt. Aktiviteten som blir gjennomført og kan genererast rundt dei to doktorgradsprogramma, er viktig for å få tilslag på NFR-prosjekt og EU-prosjekt. Denne satsinga vil vere ressurskrevjande og vil leggje føringar på prioriteringane framover.


På høgskuleområdet er andre aktørar i ferd med å etablere ein kunnskapspark som skal huse mellom andre Norsk Innovasjonssenter AS. Styret vurderer dette som strategisk viktig for Høgskulen i Volda. Satsinga kan gi eit løft for HVO sine aktivitetar retta mot innovasjons- og arbeidslivsrelevans, men kan også bli kostnadskrevjande for høgskulen.

I 2025 skal strategi- og handlingsplanen reviderast, og det vil setje rammer for korleis Høgskulen i Volda skal prioritere i perioden 2025–2029.

Volda, 1. mars 2025, Høgskulen i Volda ved styret




Odd Helge Mjellem Tonheim
rektor og styreleiar



Randi Bergem




Roar Tobro




Silje Louise Dahl



Per Halse



Kjersti Kleven



Lars Erik Hansen



Irene Sandsli



Rasmus Stokke



Bjørn Gunnar Tafford



Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda (HVO) byggjer på samfunnsvitskap og humaniora og er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar. Vi vil utdanne for og forske på velferdssamfunnet. Vi ønskjer å møte behova i regionen, og vi har samtidig ein ambisjon om å vere ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

HVO sin visjon er kompetanse for eit betre samfunn

I 2021 vedtok Høgskulen i Volda ein ny strategiplan for perioden 2022–2029, og denne peikar ut fire strategiske satsingsområde for 2022–2025, som er første del av strategiperioden:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet.
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga.
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt.
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen.

Høgskulen i Volda har mesteparten av kjerneverksemda si i Volda, men tilbyr òg utdanning på nett.

Forsking og utvikling (FoU)

HVO har ambisjonar om å utvikle ein sterk kultur for forsking og utvikling gjennom kompetansebygging, kollegarettleiing og vekt på kvalitet i eit langsiktig perspektiv. I 2024 hadde høgskulen 247 vitskaplege årsverk, og 56 prosent av desse hadde første- eller toppkompetanse. HVO har satsa på doktorgradsutdanning dei seinare åra. I 2024 hadde vi 42 stipendiatar i 3- eller 4-årig løp, og desse utførte 38,3 årsverk. Dette er ein liten nedgang i antalet årsverk frå 2023. HVO hadde i 2024 éin disputas på doktorgradsprogrammet som blir gitt i fellesskap med Høgskolen i Molde, og fem stipendiatar ved HVO disputerte på doktorgradsprogram hos andre institusjonar. Éin tilsett ved HVO avla graden dr.philos. Tre av desse sju (43 %) har fullført innan seks år.

Studietilboda

Høgskulen tilbyr eit ph.d.-program i helse- og sosialfag, «Profesjonsutøving – vilkår og utvikling», som er ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde. I januar 2024 fekk HVO akkreditert eit nytt ph.d.-program, «Utdanning, språk og kultur», og det er i løpet av året rekruttert fem stipendiatar til denne forskarutdanninga, i tillegg til at éin intern doktorgradskandidat følgjer dette løpet.

HVO tilbyr fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media, kultur og humaniora.

Høgskulen har følgjande mastergradar:

- Barnhagekunnskap
- Barnevernsarbeid
- Grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn
- Grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn
- Undervisning og læring – erfaringsbasert
- Helse- og sosialfag
- Kulturmøte
- Master in Media Practices
- Samfunnsplanlegging og leiing
- Spesialpedagogikk
- Skriftkulturar

I tillegg har vi ein master i helseleiing saman med Høgskolen i Molde og NTNU. I 2024 har ein også fått akkreditert ein ny mastergrad i natur, kultur og sosial berekraft.

HVO tilbyr 16 bachelorprogram som i stor grad rekrutterer til masterutdanningane. Vi har i tillegg ei rekke årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett.

Fleksible studieformer


Med over 1 800 studentar på nett- eller samlingsbaserte utdanningar er HVO ein stor tilbydar av desentraliserte studietilbod. Livslang læring og studium med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet er viktig for HVO, samtidig som dette også må balanserast opp mot ein berekraftig campus med eit yrande studentliv i Volda.

Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 130 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. I 2024 reiste 107 studentar frå HVO på utveksling i over 3 månader, medan 145 studentar frå utlandet hadde lengre opphald ved HVO.

HVO har oppretta ei ordning for utanlandsstipend for stipendiatar og fagleg tilsette. Formålet med ordninga er å medverke til auka mobilitet og dessutan stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Åtte tilsette hadde lengre utanlandsopphald med støtte frå HVO i 2024. I tillegg reiste 32 tilsette til utlandet på kortare opphald med stipend gjennom Erasmus+.

Organisasjonskart



Hovudtal for Høgskulen i Volda

Styringsparameter	2022	2023	2024	Mål 2025
Studenttal	4422	4263	4445	4400
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	2707	2559	2479	2500
Publiseringspoeng	0,43	0,58	0,58	0,6
Doktorgradsdisputasar	5	7	7	7
Inntekter (i mill. kroner)	477	445	523	515
– av dette bidrag/oppdrag (BOA)	38	50	46	43
Årsverk	386	386	374	370
– av dette teknisk-adminstrative	123	131	127	125
– av dette vitenskapelege	264	255	247	245
Totalt sjukefråvær per år	6,00 %	6,20 %	7,60 %	5,90 %

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.hkdir.no.

Studenttal – utvikling

Frå eit toppår i 2020 har studenttalet ved HVO gått ned med ca. 10 prosent fram til og med 2023, medan talet i 2024 gjekk noko opp. Utfordringa vi ser, er at antalet gradstudentar på campus går ned, medan talet på deltids-/nettstudentar aukar. For fleire av dei nettbaserte utdanningane ser vi at fråfallet diverre er langt høgare enn for heiltidsutdanningane på campus.

Avlagde studiepoeng – økonomiske konsekvensar

Etter fleire år med ein stabil studiepoengproduksjon såg HVO ein nedgang i 2023, og denne nedgangen er ytterlegare forsterka i 2024. Dette er ikkje uventa, då vi har hatt fleire år med lågare studenttal, høgt fråfall på nokre studieprogram på nett og ein auke i gjennomstrøymingstida. Dette vil få merkbare økonomiske konsekvensar for resultatbaserte løyvingar i åra framover.

Sjukefråvær – høgt over tid

Sjukefråværet ved HVO har vore høgt over lang tid. Etter ein positiv svak nedgang i 2023 er sjukefråværet for 2024 på heile 7,6 prosent. Dette er høgare enn det siste toppåret i 2019, då sjukefråværet var på 6,9 prosent.

Tre utfordringar

Studenttalet, avlagde studiepoeng og sjukefråværet er område som HVO ser på som særleg utfordrande, og som saman med fleire område vil bli nærmare omtalte i denne rapporten.




Del III: Aktivitetar og resultat 2024

2024 har vore eit år med mykje og god aktivitet ved Høgskulen i Volda (HVO). Året byrja med akkreditering av det nye doktorgradsprogrammet «Utdanning, språk og kultur». Det har vore arbeidd mykje i løpet av 2024 for at denne forskarutdanninga skal kunne starte opp i 2025.

I denne delen vil vi rapportere på resultat knytte til sektormåla og utviklingsavtalen. Høgskulen i Volda har ikkje vore direkte påverka av struktureforma i UH-sektoren, og vi har ikkje hatt byggeprosjekt i 2024. Til slutt vil vi rapportere på særskilt tildelte midlar.

Figuren nedanfor viser den faglege profilen til Høgskulen i Volda, dei overordna måla og sektormåla til Kunnskapsdepartementet

(KD), måla i utviklingsavtalen og strategien til HVO og samanhengen mellom alle desse. HVO har innretta strategien under sektormåla, der utviklingsavtalen fungerer som eit bindeledd mellom sektormåla og strategien til HVO.



3.1 Overordna mål og sektormål

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft.
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse.
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader.

Høgskulen i Volda tilbyr utdanningar som fremjar kritisk tenking, demokrati, velferd og berekraft, og dette speglar seg også i forskinga vår. Vi har utdanningar som gir velferdssamfunnet relevant kompetanse gjennom yrke som lærar, sosionom og journalist. Høgskulen i Volda bidreg til å jamne ut sosiale og geografiske skilnader ved å tilby utdanning til studentar frå ulike bakgrunnar og regionar. Tilstandsrapporten for 2024 frå HK-dir (TR 2024) visualiserer dei ulike institusjonsprofilane i UH-landskapet. I dette bildet er Høgskulen i Volda ein institusjon som har ein stor andel studentar på fleksible program (60 prosent), kortare studium (49 prosent) og profesjonsstudium (36 prosent), og vi har ein stor andel kvinnelege studentar (70 prosent) og studentar over 30 år (46 prosent) (TR 2024, tabell 10.1). Dette er trekk som også kjenneteiknar andre høgskular og nyare universitet (TR 2024, s.

173), og som støttar godt opp under fleire av sektormåla.

Tildelingsbrevet frå Regjeringa understrekar viktigskapen av å ta heile landet i bruk og sikre at utdanningstilboda er tilgjengelege for alle. HVO utgjer ein liten del av det totale utdannings- og forskingsvolumet i Noreg, men det er viktig å merke seg at vi har unike styrkar og roller – ikkje minst regionalt. Med ein høg andel studentar på fleksible program, korte studium og profesjonsstudium står HVO for ein viktig del av mangfaldet i det norske utdanningslandskapet. Vi har ein stor andel kvinnelege studentar og studentar over 30 år, og dette viser at høgskulen gir viktige bidrag til inkludering og livslang læring. HVO ligg i Distrikts-Noreg, og vi er stolte over å kunne utjamne demografiske skilnader i eit fylke der færre har høgare utdanning enn landsgjennomsnittet.

3.1.1 Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Sidan Kunnskapsdepartementet har fjerna kravet om at institusjonane skal rapportere på dei nasjonale styringsparameterane, vil vi rapportere på utvalde indikatorar som skildrar verksemda vår. Desse nye styringsparameterane blei vedtekne av Høgskulestyret og gjeld frå 1. januar 2025, og denne rapporten tek utgangspunkt i desse.

Utdanning

	2022	2023	2024	Mål 2025
Antal førstevalssøklarar totalt	1087	1039	891	1200
Antal kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass	1,1	1,0	0,9	1,4
Andel studentar på bachelorgradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	57 %	54 %	58 %	65 %
Andel studentar på toårig mastergradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	37 %	25 %	41 %	45 %
Andel studentar på femårig mastergradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	51 %	61 %	60 %	65 %
Korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometer: poengskala opp til 5,0)	4,0	3,8	4,0	4,0

Høgskulen i Volda har hatt ei gledeleg utvikling på Studiebarometeret, og dette synleggjer at vi arbeider aktivt med å forbetre kvaliteten i utdanningane og alle tenestene våre. Den overordna tilfredsheita for HVO-studentane i 2024 er 4,0 (på ein poengskala som går opp til 5,0). Dette er ein oppgang på 0,2 frå 2023. Blant åtte hovudområde i undersøkinga ligg HVO over det nasjonale snittet på seks område og vesentleg over snittet på fire av dei. Samanlikna med HVO-tala for året før utgjer dette ein framgang på seks hovudområde og ingen nedgang på nokon av hovudområda.

Ein av styringsparameterane for utdanning gjeld det totale antalet førstevalssøklarar til HVO via Samordna opptak. I 2024 hadde vi 891 førstevalssøklarar. Dette er ein nedgang frå 1 039 i

2023, og langt unna målet vårt for 2024 på 1 400 førstevalssøklarar. I 2024 var det 0,9 kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass ved HVO, og dette er ein nedgang frå 1,0 i 2023 og eit svakare resultat enn ambisjonen vår på 1,4. Dette heng saman med den nasjonale nedgangen i antalet søklarar på lærarutdanningar, demografiutviklinga og ein generell nedgang i antalet søklarar på enkelte bachelorgradar. Samtidig som HVO har ein nedgang i antalet førstevalssøklarar i Samordna opptak, er vi nøgde med å ha ein oppgang i antalet søklarar på restplassane i Samordna opptak i 2024. Dette gjer at HVO i 2024 har over 100 fleire møtte studentar på dei utlyste studia i Samordna opptak enn i 2023. Trass denne oppgangen må vi framover arbeide for å auke talet

på førstevalssøkjarar i Samordna opptak. HVO har difor i 2025 løyvt midlar til å arbeide med studieporteføljen, i tillegg til å ha eit eige prosjekt knytt til campusstudenten. HVO vil i 2025 greie ut ei eventuell omfordeling av studieplassar. HVO har ei stor vektlegging av rekrutteringskampanjar, og vi set i verk tiltak som LærariNordvest i 2025 for å auke rekrutteringa både generelt og spesifikt for lærarutdanningane.

Høgskulen i Volda har i stor grad utdanningar retta mot det offentlege, og vi er prega av den nasjonale nedgangen i søkjartala innan lærarutdanningane. Vi ser også ein trend der ein aukande del av studentane våre går på nettbaserte studium. For å kunne bevare viktige fagmiljø i ein periode med låg rekruttering til lærarutdanningane har HVO difor satsa målretta på vidareutdanning av lærarar. Dette sikrar at vitskapleg tilsette har arbeidsoppgåver som bidreg til studiepoengproduksjon, trass manglande rekruttering til lærarutdanningane. På dette området har HVO arbeidd målretta over fleire år, noko som har resultert i at vi i sektoren har den prosentvis høgaste tildelinga på dette området, sett i forhold til rammetildelingane. Dette er ei satsing det blir arbeidd aktivt med vidare, og Høgskulestyret har vedteke at det skal utarbeidast ein strategi for etter- og vidareutdanning.

Vi gler oss over ein oppgang i antalet studentar på bachelorgradsprogram som gjennomfører på normert tid: 58 prosent i 2024 mot 54 prosent i 2023. Tidlegare hadde HVO svært god gjennomstrøyming på bachelorgradane våre, men med fleire bachelorgradar på nett har gjennomføringa gått ned. Gjennomføringsgraden ved HVO er framleis betre enn det nasjonale snittet på 51 prosent. Det eine ytterpunktet for gjennomstrøyming blant bachelorgradane våre er dei fire bachelorgradane i mediefag, der 81 prosent fullfører på normert tid. Bachelorgradsstudiet i PR, kommunikasjon og media kom best ut med 91 prosent, og samtidig ligg mange av profesjonsutdanningane våre på eit høgt nivå når det gjeld gjennomstrøyming. Det andre ytterpunktet er den nettbaserte bachelorgraden i historie, der berre 6 prosent fullførte på normert tid i 2024. Sidan dette var eit stort kull på 90 studentar, får det innverknad på den totale gjennomføringsgraden ved HVO. Her har HVO teke grep for å tilpasse denne bachelorgraden meir til målgruppa ved å gjere studietilbodet om til ei deltidsutdanning. I tillegg har denne bachelorgraden nyleg vore gjennom periodisk studieprogramevaluering, og studietilbodet har ein eigen tiltaksplan.

Gjennomføringa på dei toårige mastergradane ved HVO har også ein gledenleg auke: 41 prosent i 2024 mot 25 prosent i 2023, noko som gjorde at vi nådde målet vårt på 40 prosent. Høgskulen har handlingsplanar for å auke gjennomstrøyminga på mastergradane, både på eit overordna nivå og for kvar enkelt mastergrad, og vi hevar ambisjonen vidare. Eit av tiltaka som er gjort i 2024, er å gjere om enkelte mastergradar til reine deltidsstudium, då søkjarmassen i svært stor grad er deltidsstudentar. Eit anna tiltak er å løpande vurdere fjerning av karakterkrav i masterutdanningane, då desse krava er identifiserte som ei utfordring knytt til gjennomstrøyming. Desse tiltaka forventar vi vil kunne gi gode resultat fram i tid. Samtidig er det viktig å påpeike at mange av masterstudentane våre fullfører utdanninga si, om enn noko forseinka: I 2024 uteksaminerte HVO 84 toårige masterkandidatar, noko som er ein gledenleg auke frå 67 i 2023. I dei femårige, integrerte mastergradsprogramma (grunnskulelærarutdanningane for høvesvis 1.–7. trinn og 5.–10. trinn) var gjennomføringa betre, med 60 prosent i 2024. Arbeidet med gjennomstrøyming vil HVO fortsetje å setje søkjelys på også framover, og det inngår i eit langsiktig arbeid som tek tid. Eit tiltak som femnar alle gradsutdanningane, er igangsetjinga av eit studieprogramleiarforum som gir erfaringsdeling på tvers av og mellom utdanningane.

Forsking

Førebelse tal for publiseringspoeng per tilsett i vitskapleg stilling viser at HVO held same nivå som føregåande år med 0,58 poeng. Det er svært positivt at 47 prosent av dei vitskapleg tilsette publiserte i 2024, og dette er ein oppgang frå 36 prosent året før. Professorane publiserte mest, med 1,59 poeng per årsverk, etterfølgt av dosentane med 0,77 poeng og førsteamanuensane med 0,75 poeng. Sistnemnde gruppe har ein god auke frå året før. Førstelektorane stod for 0,25 poeng, høgskulelektorane for 0,09 poeng og stipendiatane for 0,32 poeng. Ambisjonen for 2024 var ein liten auke til 0,60 publiseringspoeng per tilsett i vitskapleg stilling. For 2025 hevar vi ambisjonen til 0,65 poeng.

FORFATTARANDELAR PÅ NIVÅ 2	2022	2023	2024
Høgskulen i Volda	7,1 %	13,2 %	27,8 %
Gjennomsnittet for statlege høgskular	17,92 %	17,23 %	

Vi har hatt ein svært gledeleg auke i forfattarandelar på nivå 2-publikasjonar: I 2024 hadde vi 27,8 prosent, noko som er ein solid oppgang frå 13,2 prosent i 2023. Dette er eit viktig teikn på høg kvalitet og prestisje i forskinga vår. Å ha ein høg forfattarandel på nivå 2 gir auka synlegheit og anerkjenning, viser ei styrking av fagmiljøa og fungerer som eit kvalitetsstempel internasjonalt. Å oppnå og oppretthalde ein høg forfattarandel på nivå 2 er difor eit viktig mål for HVO, og vi vil fortsetje å arbeide målretta for å styrkje både forskingskulturen og kvaliteten på forskinga ved HVO.

Når det gjeld indikatoren for inntekter frå EU per tilsett i vitenskapleg stilling, hadde HVO eit resultat på 1 300 kr, noko som er ein nedgang frå 3 020 kr i 2023. HVO har aldri hatt inntekter frå EUs rammeprogram, så tildelingane kjem gjennom Erasmus+. I 2024 hadde HVO eit tiltak i form av prosjektetableringsstøtte på 500 000 kr frå Forskringsrådet, men denne støtta blei ikkje nytta på grunn av få utlysingar som passa forskingsprofilen vår (søyle 2, klynge 2).

Styringsparameter	2022	2023	2024
Publiseringspoeng per tilsett i vitenskapleg stilling	0,43	0,58	0,58
Andelen vitenskaplege tilsette som publiserer		36 %	47 %
Professor		1,56	1,59
Dosent		0,64	0,77
Førsteamanuensis		0,44	0,75
Førstelektor		0,21	0,25
Høgskulelektor		0,05	0,09
Stipendiat		0,34	0,32
Inntekter frå EU per tilsett i vitenskapleg stilling (i 1000 kr)	3,26	3,02	1,3
Gjennomstrøyming i doktorgraden på vårt eige program	4	3	1
Andel førstestillingar av vitenskaplege årsverk	49 %	56 %	56 %
Publisering på nivå 2	7,1 %	13,2 %	27,80 %

I 2024 hadde HVO sju avlagde doktorgradar, og éin av desse doktorandane disputerte på vårt eige doktorgradsprogram i helse- og sosialfag, som vi har saman med Høgskolen i Molde. Programmet er i god drift, og ved HVO rekrutterer vi to til tre stipendiatar til programmet kvart år. I 2023 disputerte tre stipendiatar på programmet. Vi forventar minst tre disputasar på dette programmet også i 2025.

Vi har gjennomført fleire satsingar for å vidareutvikle høgskulen innan forskning og utvikling (FoU). Mellom anna har vi omdisponert

midlar i budsjettmodellen for å fremje FoU og resultata for vitenskapleg publisering og dessutan auke BOA-inntektene (bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet). Dette tiltaket sikrar insentivmidlar til forskning ved høgskulen framover. Justeringa førte også til at styret fekk ein auka pott til strategiske satsingar og vil få større handlingsrom til satsingar som utvikling av studieporteføljen, oppstart av ny doktorgrad og vidareføring av den felles doktorgraden med Molde, i tillegg til fleire andre satsingar.

3.1.2 Sektormål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Styringsparameter	2022	2023	2024	Mål 2025
Bidragsprosjekt – EU	834	742	309	700
Bidragsprosjekt – NRF	4 606	2 184	2 381	4 000
Bidragsprosjekt – andre	32 362	42 090	35 210	30 491
Oppdragsprosjekt	5 748	7 423	8 074	8 000
Andel bidrags- og oppdragsinntekter per vitenskapelig årsverk	146	202	186	165
Andel kvinner i dosent- og professorstillinger	35 %	36 %	39 %	45 %
Andel kvinnelege studentar (i %)	70 %	70 %	69 %	65 %
Andel mannlege studentar (i %)	30 %	30 %	31 %	35 %

Høgskulen i Volda er miljøfyrtårn, og som ein del av denne satsinga har ein i 2024 kartlagt korleis berekraft er ein del av studieporteføljen. Kort oppsummert viser resultatet at vi har kome langt i å integrere berekraftsperspektiv i utdanningane våre, særleg profesjonsutdanningane. Noko av arbeidet som er gjort, handlar om å fastsetje læringsmål om berekraft i studie- og emneplanar eller å nytte perspektiv rundt FN sine berekraftsmål i undervisninga. Fleire nemner også at auka kunnskap og medvit om berekraftsmåla blant tilsette gjer at berekraftsmåla oftare blir løfta i undervisningssamanheng. Å sørge for at studentane oppnår berekraftskompetanse, omfattar også eit anna viktig aspekt: Det handlar om å setje ord på korleis det studentane lærer i utdanninga, kan vere relevant for berekraftsmåla og utfordringar i framtida. Vidare tiltak i 2025 blir å vurdere ei eventuell spissing av berekraftsperspektivet i strategi- og handlingsplanen framover.

I løpet av 2024 har tilsette ved Høgskulen i Volda arbeidd for å delta i eit nasjonalt senter for kunstig intelligens (KI) i Forskningsrådets utlysing. Det var viktig for oss å vere med på

søknader for senter som skal forske på samfunnskonsekvensane av KI og på korleis ulike digitale teknologiar kan bli tekne i bruk på ein forsvarleg måte. Til slutt blei til saman seks forskarar med på to ulike søknader om KI-senter, og Sparebanken Møre sponso HVO med ei stipendiatstilling knytt til den eine søknaden.

I 2024 var 39 prosent av dei toppkompetente ved HVO kvinner. Dette er det nærmaste vi har vore kjønnsbalanse i toppstillingane, og det er første gongen HVO har ein høgare prosentdel enn landsgjennomsnittet.

Bidragsinntektene frå andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk hadde ein nedgang frå 202 i 2023 til 186 i 2024, men HVO ligg likevel over nivået frå 2022. Vi har til dømes svært stor aktivitet knytt til «Kompetanse for kvalitet» (KFK) og «Kompetanse for fremtidens barnehage» (KFB). Dette har også samanheng med auka løyvingar frå Statsforvaltaren til tilskotsordningane (Rekomp, Dekomp og Komp.løftet) og partnerskapet vårt med skular og barnehagar, som utgjer ca. 12,7 mill. kr.

3.1.3 Sektormål 3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Styringsparameter	2022	2023	2024	Mål 2025
Antal studentar på fleksible utdanningar	1360	1542	1895	1700
– av desse: studentar på samlingsbaserte tilbod	30	10	70	100
– av desse: studentar på nett	1325	1535	1825	1600
Antalet aktive samarbeidsprosjekt frå NFR	2	3	3	
– av desse: nye prosjekt	0	1	0	
Antalet publiserte kronikkar	28	23	38	40

Den første styringsindikatoren vår for god tilgang på utdanning i heile landet gjeld antalet studentar på fleksible utdanningar, inkludert andelen på samlingsbaserte tilbod. Det er tydeleg at HVO arbeider svært godt med dette målet: Vi har både ein stor andel av studentane som tek fleksible utdanningar i ei eller anna form, og to bachelorgradar på nett, noko som gjer at det ved HVO er god tilgang til varierte utdanningar for store delar av landet. Når ein ser på tilstandsrapporten for UH-sektoren for 2023 og samanliknar HVO med totalen i sektoren, så hadde HVO 0,9 prosent av den tildelte løyvinga. Men HVO hadde samtidig 3,2 prosent av studentane på fleksible program, 1 prosent av dei opptekne studentane, 1,2 prosent av dei uteksaminerte bachelorkandidatane og 0,6 prosent av dei uteksaminerte masterkandidatane.

Når det gjeld kandidatar på lærarutdanningane ved HVO, hadde vi 227 kandidatar i 2024, medan talet var 201 i 2023 – altså ein gledeleg auke. Fjerninga av det spesifikke opptakskravet for grunnskulelærarutdanningane var viktig for HVO med tanke på å ha eit tilfredsstillande studentgrunnlag for grunnskulelærarutdanningane.

Vi har framleis høg aktivitet knytt til ordningane «Kompetanse for kvalitet» (KFK) og «Kompetanse for fremtidens barnehage» (KFB). Resultatet er at mange lærarar og barnehagelærarar både i regionen vår og utanfrå har teke vidareutdanning under gode vilkår. I tillegg har HVO ei rekkje studietilbod som er tilrettelagde for lærarar som tek vidareutdanningar. Fleire masterutdanningar er utvikla i samarbeid og samråd med andre utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet i regionen.

Det samla talet på studentar med nettundervisning og desentralisert undervisning ved HVO ligg på 1 895, og dette er ein

klar oppgang frå 2023 – då var talet på 1 540. Dette bidreg til at vi evnar å tilby utdanningar og vidareutdanningar til studentar frå heile landet.

God tilgang til forskning

Den andre styringsindikatoren vår for god tilgang på forskning og kompetanse i heile landet er talet på aktive kompetanse- og samarbeidsprosjekt med støtte frå Forskingsrådet. I 2024 hadde HVO tre aktive NFR-støtta samarbeidsprosjekt. Ingen av prosjekta var nye, men det blei sendt to søknader til denne prosjekttypen i 2024. Desse fekk diverre avslag, men éin av desse søknadene blir send inn på nytt i 2025.

Tre forskarar ved HVO var med på ein søknad om nasjonalt forskingssenter for norsk fagspråk under leiing frå Universitetet i Bergen. Søknaden fekk tilslag tidleg i 2025, og det nye senteret får 80 millionar kroner frå Forskingsrådet over åtte år. Tre forskarar frå HVO er med i senteret. Forskingssenteret skal fremje samarbeid på tvers av institusjonar og byggje opp og styrkje relevante fagmiljø i eit nasjonalt perspektiv.

Høgskulen i Volda bidreg til å gjere forskning tilgjengeleg på mange ulike arenaer. All utdanningsverksemd er forskningsbasert og bidreg til at kandidatane vi utdannar, tek med seg ny forskning ut i verda. Vi er mellom vertsinstitusjonane for Fjordkonferansen, der forskingsresultat frå forskarane våre blir formidla til andre forskarar i regionen og dessutan publisert i ein antologi. Vidare har vi eit omfattande samarbeid med praksisfeltet, der yrkesutøvarar på mange ulike fagfelt blir møtte med forskningsbaserte bidrag. Mange av forskarane ved høgskulen bidreg jamleg i nasjonale debattar med kronikkar og andre mediebidrag.

Forskingsdagane er ein årleg nasjonal festival der Forskringsrådet inviterer alle forskings- og kunnskapsbaserte institusjonar til å vise fram verksemda si for ålmenta på nye og spennande måtar. Forskingsdagane har utvikla seg til å bli Noregs største arena for allmennretta forskingsformidling, med lokale arrangement over heile landet. Lokale arrangørar, slik som Høgskulen i Volda, står for innhaldet i Forskingsdagane. Festivalen har vore arrangert sidan 1994, og Høgskulen i Volda har vore lokal arrangør sidan 1997. Det nasjonale temaet for Forskingsdagane i 2024 var «Helse».

Ved Høgskulen i Volda har Forskingsdagane gjennom fleire år hatt positive erfaringar med samarbeidsarrangement med

ulike lokale og regionale aktørar. Dei seinare åra har vi hatt ein god balanse mellom arrangement på dagtid, på kveldstid og i helga for å kunne nå eit meir variert og breitt publikum. Fleire av samarbeidsarrangementa har funne stad utanfor høgskuleområdet, og ein har dei siste åra gjennomført arrangement mellom anna i kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Ålesund og Stryn.

Den tredje styringsindikatoren vår for god tilgang til forskning og kompetanse i heile landet er antalet publiserte kronikkar i regionale og nasjonale redaktørstyrte medium. I 2024 hadde vi mål om 30 slike kronikkar, og det er gledeleg at vi overgjekk målet og fekk 38 slike kronikkar publisert.



3.2 Utviklingsavtalen med KD (2023-2026)

Utviklingsavtalen til Høgskulen i Volda har tre hovudmål med tilhøyrande styringsparameterar. Desse målområda er utforma for å sikre at høgskulen held høg kvalitet og utviklar seg i tråd med strategiske prioriteringar. Dette gjer det meir utfordrande å vurdere om vi når måla våre, sidan det krev grundige vurderingar og tolkingar av data og tilbakemeldingar. Likevel hjelper utviklingsavtalen oss til å fokusere innsatsen vår og arbeide målretta for å utvikle verksemda vår. Det er tett samanheng mellom sektormåla og utviklingsavtalen, og difor er ein del av styringsparameterane allereie grundig omtalte under sektormåla. Allereie dekte område blir ikkje gjentekne i det som følgjer.

3.2.1 Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø

Høgskulen i Volda vil i perioden leggje til rette for student-medverknad og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar. Studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse. Høgskulen i Volda vil utvikle eit læringsmiljø der alle kjenner seg inkluderte, og der utdanningane gir mangfaldskompetanse.

Styringsparameter

1. Utvikle varierte og studentaktive arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse i alle utdanningar.
2. Styrkje studentmedverknad gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet
3. Utvikle læringsmiljøet ved gjennomføring av campus-utviklingsplanane.
4. Vidareutvikle det høgskulepedagogiske tilbodet.

Ved Høgskulen i Volda er vi opptekne av studentaktive arbeidsmåtar. Dei tilsette lærer gjennom erfaringsdeling seg imellom, og vi har ein eigen læringsverkstad som bidreg til kompetanseutvikling. Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda er ei støtteteneste og ein læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. Ved å satse på Læringsverkstaden som eit nav i den digitale omstillinga får høgskulen eit felles samlingspunkt som gjer at ein både får utnytta ressursbruken betre og får gitt studentar og tilsette tilbod om god opplæring og støtte i bruken av digitale verktøy i utdanninga.

I 2024 har alle avdelingane ved høgskulen hatt aktivitetar, som kurs og seminar, med mål om å betre kompetansen i bruk

av kunstig intelligens (KI) i undervisning og forskning. Ei fleirfagleg arbeidsgruppe har utvikla gode nettsider som er til støtte for både studentar og tilsette i korleis ein kan nytte KI i utdanningane og studia. Desse nettsidene er avklarande med tanke på korleis studentane kan nytte KI i studia, samtidig som dette er eit kontinuerleg arbeid som heile tida er i utvikling.

HVO opplever at det er eit godt studie- og læringsmiljø ved høgskulen. Om ein ser på Studiebarometeret, har HVO generelt ein oppgang i 2024, og som tidlegare skårar dei populære bachelorutdanningane ved Avdeling for mediefag (AMF) svært høgt i Studiebarometeret. Øvst i tilfredsheit ved AMF finn vi bachelor i animasjon (4,9), men med eit solid byks på 0,8 poeng opp frå året før kjem bachelor i journalistikk like bak med 4,8 poeng. Blant fleire andre HVO-studium som gjer det skarpt i undersøkinga, utmerkjer også bachelorgraden «Friluftsliv og naturguide» seg. Dette studietilbodet skårar 4,5 av 5,0 moglege poeng, noko som både er 0,7 poeng opp frå førre år og det beste resultatet bacheloren har hatt på mange år. Som i tidlegare år er grunnskulelærarstudentane blant dei mest kritiske i Studiebarometeret, og dette viser også att i sprikande resultat for 2024 blant lærarstudentane i Volda. Medan masterutdanninga for grunnskulelærar på 5.–10. trinn har betre resultat enn fjoråret med 3,6 poeng (0,5 opp), har masterutdanninga for grunnskulelærar på 1.–7. trinn ein nesten tilsvarande nedgang til 3,2 poeng (0,3 ned).

Når Hans Strøm-huset no er totalrenovert, framstår campus i Volda med svært gode studentfasilitetar, og HVO har fleire nye og tiltalende studentareal som legg godt til rette for å utvikle det gode læringsmiljøet vidare. På Studiebarometeret får HVO gode tilbakemeldingar frå studentane på det fysiske læringsmiljøet og infrastrukturen. Her vil vi spesielt dra fram høgskulebiblioteket, som får særskilt gode tilbakemeldingar frå studentane, noko som kjem av eit langsiktig og målretta arbeid. Vidare vil HVO arbeide med å gjere campusen endå meir attraktiv og dessutan fortsetje arbeidet med å skape gode studentareal, både til læring og avkopling, med mål om at studentane skal vere meir på campus.

Studentmedverknad er svært viktig for høgskulen. HVO har eit godt samarbeid med Studentparlamentet ved HVO, som arbeider svært godt med å styrkje studentmedverknaden og studentdemokratiet etter at dette fekk seg ein knekk under koronapandemien. I førre årsrapport rapporterte vi at det var vanskeleg å få studentar til å stille i ulike utval, men vi opplever no ei vesentleg betring på dette området, og alle overordna og strategiske utval har gode studentstemmer. Kvalitetssystemet legg opp til tette koplingar mellom studentane og fagmiljøa, noko vi opplever er godt ivareteke. I 2025 blir det viktig for HVO å vidare støtte studentparlamentet i deira arbeid for studentmedverknad og studentdemokratiet. HVO har i 2024 også gått gjennom og laga nytt mandat for Læringsmiljøutvalet og dessutan justert samansetjinga for å revitalisere Læringsmiljøutvalet, noko som så langt ser ut til å fungere godt. Dette blir viktig å følgje opp vidare.

Utdanningsfagleg kompetanse femner om universitets- og høgskulepedagogikk, universitets- og høgskuledidaktikk og kompetanse til å nytte digital teknologi som fremjar læring (jf. NOKUTs merknader til studietilsynsfor skrifter). Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) ved HVO er gitt eit ansvar for å utvikle studietilbod som gjer det mogleg for vitskapleg tilsette å utvikle relevant utdanningsfagleg kompetanse. Med ny UH-lov og -forskrift må vi sjølvstendig gjere nye analysar og vurderingar av kva som kan vere aktuelle emne og omfang i dette studieprogrammet. Per i dag har vi utvikla sju tilbod som tek utgangspunkt i vurderingar av kompetansebehov og etterspørsel i institusjonen.

Aktuelle tiltak framover:

- arbeidsgruppe for å sikre campusstudenten
- heve kvaliteten på forvaltning og styring av den samla studieporteføljen og dessutan organisere studietilboda i tråd med ny finansieringsmodell og nye opptaksrammer, medrekna gjennomgang av kvalitetssystemet og etablering av tydelege godkjenningorgan for studieprogramutvikling
- sikre etterleving av lovpålagde krav om universell utforming i utdanningane

3.2.2 Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule

HVO vil i perioden arbeide vidare for å heve kompetansen til den einskilde tilsette og til det samla fagmiljøet, og samtidig styrkje Høgskulen i Volda som ein attraktiv og utviklande studiestad prega av ein delingskultur med tilrettelegging for tverrfaglege samarbeid.

Styringsparameterar:

5. Arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane.
6. Auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling.
7. Styrkje det internasjonale samarbeidet.
8. Utvikle ein kompetanseutviklingsplan og ta han i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.
9. Synleggjere fagkompetansen og styrkje det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre ekstern og intern kommunikasjon.

Ny ph.d. i humanistiske fag og utdanningsvitskap

Doktorgradsprogrammet «Utdanning, språk og kultur» blei godkjent av NOKUT 14. februar 2024, og 7. mai 2024 vedtok Høgskulestyret oppstart av programmet. Programmet har hovudbase i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL), men involverer også dei tre andre avdelingane ved HVO. Våren 2024 blei det lyst ut fem stipendiatstillingar med oppstart i 2025. Ved utløp av søknadsfristen 16. september hadde 41 søkjarar meldt seg. Fem av desse har fått opptak og byrjar på programmet i 2025, i tillegg til at éin eksisterande tilsett skal følgje dette doktorgradsløpet.

Ph.d.-utvalet består av sju medlemmar frå ulike fagmiljø ved HVO og er leia av professor Per Halse ved AHL. Utvalet har hatt to møte i 2024 og dessutan eit seminar for medlemmane og emneansvarlege.

Doktorgraden er ei tverrfagleg forskarutdanning med vekt på fagdidaktiske og tverrfaglege tilnærmingar innan utdanningsvitskap, språk- og litteraturvitskap, historie, religion og livssyn og dessutan medie- og kulturfag. Programmet vil styrkje forskinga i regionen og kvalifisere kandidatar for spesialiststillingar i akademia, skuleverket, offentleg forvaltning og privat næringsliv. HVO har ein unik fagleg profil i skjeringpunktet mellom utdanning, språk og kultur, og det er eit aukande behov for denne kompetansen i samfunnet.

Forskning og publisering

Innan forskning skårar HVO i 2024 sterkare på fleire indikatorar for høg kvalitet i forskning og aspekt som indikerer at HVO er ein fagleg sterk høgskule. Dei førebelse publiseringstala for 2024 viser at heile 27,8 prosent av forfattarandelane kom frå nivå 2, og dette er over det vanlege snittet mellom dei statlege institusjonane. Ifølgje NOKUTs kvalitetsindikatorar har HVO også ein rekordhøg andel professor- og dosentårsverk med 18,4 prosent, noko som er vesentleg opp frå 2023 og 2022. Her ligg HVO også over samanliknbare institusjonar som Høgskolen i Østfold og Høgskulen på Vestlandet. Med fleire i toppstillingar har vi eit godt grunnlag for å auke antalet publiserte vitskaplege artiklar per tilsett. Styringsindikatorane for sektormål 2 viser at professorane

er dei som publiserer mest. Andelen førstekompetanse ser også ut til å halde seg på 56 prosent – det same som vi hadde i 2023, og vesentleg høgare enn tidlegare år. Vi hadde ein ambisjon om 60 prosent, men er ikkje i mål med dette enno.

Trass i ein auke i talet på vitenskapleg tilsette, med ein topp i 2022 og fleire tilsette i førstestillingar, har HVO ikkje klart å nå målet om 0,6 publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk i 2024. Erfaringsmessig tek det ofte litt tid før vi ser effektar av tiltak for publisering.

I utviklingsavtalen er det fastsett at HVO skal auke publiseringa ved å sikre at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling. Ressursar og støtteordningar for å auke publiseringa ved HVO:

- HVO vil vurdere bruken av FoU-tida til tilsette i vitenskaplege stillingar, fordi vi trur at forvaltninga av FoU-ressursane kan brukast meir føremålstenleg, målretta og effektivt for å fremje publisering, prosjekttakkvisisjon og kvalitet (både i FoU-arbeid og utdanning).
- FoU-stipend (frikjøp frå undervisning i eitt semester).
- Professor-/dosentstipend.
- Forskingsgrupper.
- Moglegheit for språkvask av vitenskaplege artiklar på engelsk.

Mot slutten av 2024 vedtok Forskingsutvalet å gjere midlane til forskingsgruppene meir resultatbaserte ved at dei hovudsakleg

Indikatorar	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Årsverk i vitenskaplege stillingar inkl. stipendiatar	246	240	253	264	255	247
Årsverk utførte av stipendiatar	24,4	17,45	28,2	39,87	41,55	38,3
Publiseringspoeng per vitenskapleg årsverk	0,46	0,82	0,45	0,43	0,58	0,58
Prosentdel av årsverk som er førstestillingar	49,5	52,3	52,8	49	55,6	55,6
Prosentdel av årsverk som er professorar og dosentar	11,0	13,3	12,0	12,4	16,4	18,4

blir tildelte på bakgrunn av publisering dei tre føregåande åra. Vi håpar at dette tiltaket vil bidra til meir publisering på sikt. HVO har mange stipendiatar som nærmar seg å bli ferdige med doktorgradsprojekta sine, og vi forventar at dette også vil føre til ein auke i publiseringa.

Det blir også arbeidd med å styrkje forskinga ved avdelingane, og her nemner vi nokre tiltak som nokre av avdelingane har sett i verk for å auke publiseringa:

- auka timetal til leing av forskingsgrupper
- samordna individuell FoU-plan og -rapport i eitt dokument
- meir samanhengande organisert undervisning
- blokklegging av FoU-tida
- fleksibel fordeling av FoU-tid over fleire år
- fleirårige planar for kompetanseheving og forskingsprosjekt

Styrkje internasjonale samarbeid

HVO har stor internasjonal aktivitet og arbeider godt med internasjonalisering. Ut frå det samla studenttalet har vi ein høg andel utvekslingsstudentar på Erasmus+, men sidan ein stor del av studentane ved HVO er registrerte på kortare vidareutdanningsprogram utan moglegheit for utveksling,

får ein eit betre bilete av omfanget av utvekslinga ved å sjå på «utvekslingsandel» (kor mange av dei uteksaminerte gradstudentane som har vore på utveksling), og her ligg HVO spesielt høgt. HVO har auka kraftig tildelingane innan Erasmus+ Global Mobilitet (samarbeid utanfor Europa), og i 2024/25 var det også rekordstor søking om Erasmus+-stipend for studentar til Europa. HVO måtte gå inn med ekstra støtte frå eige budsjett for å gi alle studentane moglegheit for utveksling. Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande – i 2024 er 225 studentar, mot 235 i 2023. 140 av dei 225 internasjonale studentane er frå land innafør EU/EØS, og dei resterande 85 er frå land utanfor EU/EØS.

I 2024 fortsette HVO med ordninga for utanlandsstipend for reiser mellom 1 og 6 månader, som også inkluderer vitenskapleg tilsette. Dette året var det åtte tilsette som var på utanlandsopphald, og 32 tilsette hadde kortare opphald med Erasmus+-stipend. Å utvide samarbeid om FoU med utanlandske partnarar er eit viktig satsingsområde for HVO, og fleire av forskingsgruppene har større og mindre samarbeid med internasjonale partnarar. Det er mange gode dømer på aktuelle prosjekt knytte til internasjonalisering i organisasjonen, og dette er nokre av dei:

- Samarbeidsprosjekt med Cardiff University og Cardiff Metropolitan University om prosjekt som undersøker studentmotivasjon og haldningar i sosialutdanning.
- Mange av utdanningane har tilbod om internasjonal praksis med destinasjonar som Irland, Hellas, India, Kenya og Tanzania.
- Deltaking i Erasmus+-prosjekt.
- Tilsette som blir inviterte til internasjonale samarbeidspartnarar og til å delta på internasjonale konferansar.
- Mange innreisande internasjonale studentar, noko som bidreg til å skape eit godt studentmiljø prega av internasjonalisering i Volda.

Fagkompetanse

Det er vesentleg å ha ein langsiktig kompetanseutviklingsplan om ein skal lykkast med utvikling og endring, og denne planen er til hjelp i det strategiske arbeidet. Planen gir betre oversikt med tanke på eigen kompetansekapital og kva som er kompetansebehova, både på lang og kort sikt. Planen gir oversikt på både organisasjons- og individnivå, og han er eit verktøy med tanke på strategisk kompetansestyring og bemanningsplanlegging. Planen bidreg til å sikre at både organisasjonen og den enkelte medarbeidaren har nødvendig kompetanse for å nå definerte mål, i tillegg til å peike på tiltak for å sikre riktig og nødvendig bemanning. Avdelingane ved høgskulen er komne langt i arbeidet med ein slik kompetanseutviklingsplan, og dei arbeider i det daglege med strategisk utvikling av kompetansen i fagmiljøa. Ein heilskapleg kompetanseplan for Høgskulen i Volda vil kome på plass i tida framover.

Vi jobbar aktivt med å synleggjere fagkompetansen til høgskulen for regionen, og HVO har mellom anna eit eige nyhende-brev som får god merksemd i lokale og regionale medium. Her presenterer vi mange av aktivitetane våre, både på campus og utanfor, og viser dessutan godt fram både publikasjonar og annan vitskapleg aktivitet. Mellom anna kan det nemnast at HVO var arrangør av Norsk medieforskarkonferanse i 2024. Dette er ein nasjonal konferanse som samlar medieforskarar frå heile landet kvart andre år. Arrangementet fann stad i Ålesund 17.–18. oktober og hadde i overkant av 200 deltakarar. HVO peikar på at realiseringa av Aasenkvartalet vil føre til endå større synergieffektar av å arrangere slike konferansar framover, då vi kan kople arrangementa endå tettare til campus og høgskulen.

HVO lanserte eit nytt intranett, Tavla, 22. januar 2024. Tavla er ei informasjonsplattform der tilsette skal ha kort veg til nyttig informasjon, verktøy, ressurspersonar, rutinar og retningslinjer som omhandlar arbeidskvardagen. Her blir det også publisert aktuelle nyhende og informasjon om komande kurs og arrangement som tilsette kan delta på. Dette bidreg også til å tydeleggjere at nettstaden til høgskulen, hivolda.no, er ein kanal retta mot studentar og eksterne målgrupper.

3.3.3 Mål 3: Ein kompetent region

Høgskulen i Volda vil i perioden forsterke og utvide samarbeidet med regionale aktørar for å styrkje den samla kompetansen i regionen, særleg Møre og Romsdal.

Styringsparameterar:

10. Styrkje arbeidsrelevansen gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar.
11. Utvikle meir praksisnære utdanningar, og auke omfanget av og ambisjonsnivået på fagleg utvikling og forskning i samarbeid med praksisfeltet.
12. Prioritere berekraft i både utdanning, forskning, utvikling og drift.

Studieporteføljen til Høgskulen i Volda inkluderer mange vidareutdanningar. Tilsette ved høgskulen er dermed i tett kontakt med arbeidslivet, noko som er med på å gjere utdanningane våre meir arbeidslivsrelevante og praksisnære. Praksisfeltet blir aktivt invitert inn i seminar og konferansar i regi av fagmiljøa med sikte på å utveksle idear og impulsar, utvikle samarbeid og saman skape meir praksisnære og relevante utdanningar og praksisnær forskning. Høgskulen nyttar bevisst personar frå praksisfeltet i utdanningane, mellom anna til gjesteforelesingar og andre aktivitetar. Dette er eit område der høgskulen har arbeidd mykje og godt over tid, men vi leitar aktivt etter endå fleire metodar for å gjere studentane betre budde på arbeidskvardagen dei skal ut i etter studietida.

Når det gjeld Studiebarometeret, ligg HVO godt over det nasjonale snittet på spørsmåla om tilknytning til arbeidslivet. På dette området har vi god framgang frå 2023, noko vi er nøgde med. Samtidig er dette også noko vi må arbeide vidare med, og vi har mellom anna inngått ein intensjonsavtale med Norsk Innovasjonssenter og Volda kommune. Denne avtalen kan potensielt føre med seg mange viktige synergjar for både høgskulen, næringslivet og kommune. Vidare har det vore arbeid aktivt med vidare utvikling av samarbeidet mellom Norsk Innovasjonssenter og høgskulen og dessutan utviklinga av Aasenkvartalet. Høgskulen har stor tru på at Aasenkvartalet saman med Norsk Innovasjonssenter har stort potensial til å knyte høgskulen tettare til næringslivet og det offentlege.

Hausten 2024 blei det treårige prosjektet «Praksis Oppdrag Entreprenørskap» (POE) slutført. Prosjektet, som har vore finansiert gjennom ei tildeling på 5 millionar kroner frå HK-dir, har vore eit samarbeid mellom kulturfaga og mediefaga ved høgskulen. I løpet av prosjektperioden har dei to avdelingane arrangert bransjetreff og ekskursjonar, utvikla ein modell for å engasjere tilsette i relevante bransjar i kombinasjonsstillingar ved HVO og dessutan gjennomført fleire samarbeidsprosjekt med arbeidslivet i regionen. Gjennom tettare kontakt med praksisfeltet over tid

har det blitt etablert ein ny kultur for arbeidslivsrelevans i dei studieprogramma som har vore involverte.

Gjennom lokal kompetanseutvikling (tilskotsordninga) for desentralisert og regional kompetanseutvikling i barnehage og skule deltek HVO-tilsette i utviklingsarbeid innanfor ulike tema både på Søre Sunnmøre, på Nordre Sunnmøre og i Romsdal og dessutan i Møre og Romsdal fylkeskommune. Arbeidet omfattar mange av barnehagane og skulane i fylket. Dei fagtilsette arbeider aktivt inn mot både lærar- og leiarnivå ute i regionane for å bidra til at utviklingsarbeidet som vi deltek i, er forskningsbasert både i fagleg innhald og i form.

HVO har ein ambisjon om å starte opp nye utdanningar innan helse og velferd og vurderer oppstart av sjukepleie- og vernepleiarutdanning dei komande åra. Ambisjonen er godt forankra i HVOs strategi, som seier at Høgskulen skal «samarbeide med andre for å leite etter løysingar på regionale utfordringar». Ambisjonen er også i tråd med HVOs visjon om kompetanse for eit betre samfunn og i tråd med Regjeringa sitt ønske om og forventning til at UH-sektoren skal utdanne fleire innan helsefag. Behovet for fleire og meir kvalifiserte fagfolk i helsesektoren er stort i regionen, og kommunar i vårt område har særleg peika på eit ønske om fleire sjukepleiarar. Dette har også vore løfta fram av regionale politikarar og av sjukehuset i Volda.

I tillegg til at HVO aktivt har kartlagt berekraftsperspektivet i utdanningane i løpet av 2024, som nemnt tidlegare, arbeider

vi systematisk med berekraft i undervisning og forskning på alle avdelingane og i fellesadministrasjonen ved høgskulen. Dette er nokre døme:

- Berekraft er eit aktuelt tema for fleire av forskingsgruppene våre.
- Vi deltek i eit samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune med temaet «Sirkulære system for eit berekraftig Møre og Romsdal».
- Berekraft er ein viktig del av utdanningane våre.
- Vi avgrensar antalet interkontinentale reiser, til dømes ved at reisestøtte til kortare reiser og reiser innan Europa har prioritet.

Høgskulen i Volda er sertifisert som Miljøfyrtårn, og gjennom 2024 har vi samarbeidd med Studentsamskipnaden i Volda om å få på plass miljøfyrtårnstatus også for kantina som studentsamskipnaden driv, og vi ser fram til at dette er på plass i 2025.

3.3 Rapportering på midlar tildelte over andre budsjettpostar

HVO fekk i tildelingsbrevet for 2024 tildelt 2 150 000 kr til å styrkje barnehagelærarutdanningane. Midlane er nytta til å styrkje samarbeidet mellom ulike kunnskapsområde, slik at fagdisiplinar kan dra nytte av kvarandre og utvikle tverrfaglege løysingar. Samstundes legg ein til rette for tettare kontakt mellom utdanninga og praksisfeltet, slik at studentar får relevant og oppdatert erfaring og fagmiljøa kan dra nytte av innspel frå yrkesfeltet. Dette arbeidet involverer både vitenskapleg og administrativt tilsette, studentar og praksislærarar.

I revidert nasjonalbudsjett fekk HVO tildelt 0,5 mill. kroner med bakgrunn i fjerning av dei spesifikke opptakskrava i grunnskulelærarutdanningane. HVO har nytta den ekstra tildelinga til kompensierende tiltak for studentane. Dette betyr mellom anna at vi har brukt ekstra ressursar på oppfølging og undervisning av studentane som blei tekne opp etter dispensasjon frå nivåkrava.



Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Høgskulen i Volda har over lang tid hatt ein god og romsleg økonomi, noko som kan forklare at det tidvis har vore lite behov for prioritering, og med det lite merksemd på resultatmål og rapportering. Situasjonen er no ein annan. Vi har i 2024 hatt ein lengre prosess med utvikling av mål og styringsparameter knytt til mellom anna dei tre sektormåla, og nye styringsparameter blei vedtekne av styret i møtet 24. oktober 2024. Dette vil gjere oss betre i stand til å måle og vurdere resultat opp mot både sentrale sektormål, utviklingsavtalen og andre interne målsetjingar ved HVO.

Det er i 2024 gjort ei fornya vurdering av behovet for internrevisjon. Styret handsama saka i styremøtet 5. september 2024. Som ein del av denne vurderinga er det gjennomført ein risikoanalyse som syner at kompleksiteten og vesentlegheita er vurdert som høg på nokre konkrete område, slik som forvaltning av tilskotsordningar av ein viss storleik og vedtak med store konsekvensar for både enkeltindivid og grupper av brukarar. HVO har gode rutinar og system for handtering av BOA-prosjekt (bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet), men risikoen er likevel vurdert til å vere høg. Vi har erfart utfordringar med oppfølging av prosjekta på avdelingsnivå i delar av organisasjonen. Kvalitetskrava frå ulike aktørar knytte til tenester og produkt er vurderte som høge, og HVO har ei auka merksemd på desse utfordringane. Ein ser også at det i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet (KD) for 2025 blir peika på kor viktig det er å sikre nødvendig juridisk kompetanse og forvaltningskompetanse for å vere i stand til å operere innanfor regelverket og forvalte den myndigheita og det handlingsrommet institusjonen har.

Samla sett vurderer styret at HVO best styrkjer styringa og kontrollen gjennom å vektleggje vidare utvikling av internkontroll, fortsetje arbeidet med å implementere føringane i retningslinjer for internkontroll i høgskulen sine aktivitetar og prosessar og dessutan skape ytterlegare medvit om internkontroll blant høgskulen sine leiarar og andre tilsette. Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det blir gjennomført internkontroll og oppfølging av eventuelle avvik.

I tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen (Riksrevisjonens beretning) har høgskulen ikkje fått nokon vesentlege merknader dei siste åra.

Del 1 i nytt delegeringsreglement, instruks for rektor og direktør og revidert mandat for Forskingsutval og Utdanningsutval blei vedteke i styret i mai 2023. Av ulike årsaker er del 2 av delegeringsreglementet (vidare frå rektor og direktør) ikkje fullført, og tidlegare delegeringsvedtak gjeld midlertidig.

Mål og resultatkrav blir nådde på nokre område, medan det på andre områder er eit avvik mellom mål/ambisjonar og resultat. Den overordna risikovurderinga, som blei gjort i samband med planar for 2024, av forhold som kan verke inn på evna til å nå mål og resultat på sikt, har framleis gyldigheit:

- Framleis svake resultat innan forskning kan få konsekvensar for utdanningane våre når det gjeld akkreditering, økonomi og omdøme.
- Det kan bli utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område.

Strammare budsjett gjer at ressursbruken blir meir effektiv, og vi har merksemd på vidare effektivisering og digitalisering. Det er ikkje avdekt vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det blir gjort tiltak for å hindre at avviket skjer igjen.

Det blir arbeidd systematisk med GDPR (personvernforordninga), personvern i forskning og overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til beredskap i heile organisasjonen. Handbøker blir reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Årleg gjennomgang av HMS-systemet blir gjennomført og dokumentert.

Når det gjeld informasjonssikkerheit og personvern, har vi ikkje fått rapport frå HK-dir for 2024, fordi dei ønskjer å samle informasjon og erfaringar frå fleire institusjonar før dei gir ei endeleg tilbakemelding. Dei har tidlegare meldt tilbake at dei har eit positivt inntrykk av vårt arbeid, og at vi har forbetra etterlevinga vår av Kunnskapsdepartementet sin policy for informasjonssikkerheit og personvern.

I 2023 blei eit internt regelverk for offentlege innkjøp godkjent av Høgskulestyret, og det er rekruttert tilsette som har god kompetanse til å kunne følgje opp lovpålagde krav på dette feltet.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav, jamfør tildelingsbrevet

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslapp, naturfotavtrykk og energibruk

Høgskulen i Volda er Miljøfyrtårn og blei resertifisert etter dei nye kriteria i 2024. Reduksjon av klimagassutslapp, naturforavtrykk og energibruk er ein del av sertifiseringa.

Dette er nokre at tiltaka som er gjennomførte i inneværende regnskapsår:

- Vi har utarbeidd ein reisepolicy som blei gjord kjent for alle tilsette hausten 2024, der mellom anna leiaren og den tilsette skal vurdere om reisa er nødvendig.
- Sykkelparkering med ladestasjon er etablert, og det blir årleg arrangert «Sykle til jobben»-kampanje for å oppmode til bruk av sykkel i staden for bil.
- Alle studentar som skal på utveksling gjennom Erasmus-ordninga, får informasjon om «Green Erasmus», ei ordning som stimulerer til å reise miljøvennleg.
- Høgskulen har fått på plass endå fleire stasjonar for søppelsortering.
- Delar av uteområdet som før var plen, får vekse til høgt gras og blir slått éin til to gonger per sesong.
- Vi har etablert bie-hotell – eit bidrag til naturmangfald.

To av bygga våre har solceller, og to har jordvarme, i tillegg til straum. Eit av bygga er nytt, medan fleire er renoverte dei siste åra – mellom anna har dei fått installert led-belysning, nye vindauge og ny ventilasjon, noko som reduserer energibruken. Vi samarbeider tett med Statsbygg for å få ei energieffektiv bygningsmasse.

4.1.2 Utvikling av antalet tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

HVO har lenge planlagt å delta i trainee-program i regi av staten ved å ha stillingsutlysing der nedsett funksjonsevne er eit vilkår for tilsetjing. Tiltaket har ikkje kome i gang av ulike årsaker. To tilsette er rekrutterte via ordinær utlysing i kraft av at dei har kryssa av for «nedsett funksjonsevne» i søknaden. Til samanlikning var det ingen tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing i 2020, men éi i 2021.

4.1.3 Redusere konsulentbruken

For 2024 har Høgskulen i Volda hatt ein auke i kostnader knytte til konsulentbruk. I 2024 har HVO brukt 6,9 mill. kroner i konsulentkostnader mot 3,0 mill. i 2023. Auken ligg på område der HVO ikkje har eigne ressursar og kompetanse, og gjeld konsulentbruk knytt til juristar engasjerte av styret, og auka

konsulentbruk knytt til kommunikasjon, der totale kostnader knytte til konsulentbruk innan kommunikasjon ligg på 2,8 mill. kroner. Dei tenestene vi nyttar til kommunikasjon, går i stor grad til systemoppgradering, marknadsføring og rekrutteringskampanjar for å tiltrekkje seg nye studentar. Kostnadene er ikkje vurderte som vesentlege.

4.2. Andre krav

4.2.1 Sikkerheit og beredskap

Det er ikkje gjennomført kartlegging av eigne verdiar og avhengigheiter med omsyn til nasjonal sikkerheit. Dette blir følgt opp i juni 2025, då verdikartlegging skal ha særleg merksemd i samband med revisjon av ROS-analyse knytt til samfunnsikkerheit, beredskap og informasjonssikkerheit.

Ein ROS-analyse for samfunnsikkerheit og beredskap, inkludert verdikartlegging, blei gjennomgått og revidert i juni 2024. Analysen blei gjennomført som ein grupperetta gjennomgang av tidlegare identifiserte hendingar:

1. Ulukke, student/tilsett i utlandet
2. Ulukke, student/tilsett innanlands
3. Pandemi
4. Trussel mot sentrale IKT- tenester / digitale angrep / informasjonssikkerheit og personvern
5. Trussel mot student/tilsett/ arrangement ved HVO
6. PLIVO
7. Brann/eksplosjon
8. Flaum

Vurderinga var at det ikkje var behov for å endre hendingane eller leggje til nye. Hending 1–5 er vurderte som hendingar med høg risiko, og hending 6–8 er vurderte til å ha middels risiko. Tiltaksplanar er utarbeidd og blir oppdaterte jamleg. Kriseøving blei gjennomført i regi av Sjømannskyrkja, og temaet var hending i utlandet – eit relevant tema basert på ROS-analysen. Øvinga var planlagt i juni, men utsett til november og gjennomført i mindre omfang enn planlagt på grunn av intern uro og ein uavklart situasjon i leiinga. Konkrete tiltak etter øvinga er at kriseleiinga må øve på å setje stab, og at det er behov for ei tydeleg rolleavklaring og behov for å revidere beredskapsplanane.

Arbeidet med å utarbeide eit styringssystem for sikkerheit, og korleis dette er samordna med leingssystem for informasjonssikkerheit og verksemdsstyring, har hatt lite framdrift i 2024. Dette skuldast mellom anna utfordringar lokalt med utskiftingar og låg prioritet hos leiinga ved HVO, noko som har medført problem med å få gjennomført det overordna arbeidet godt nok. HVO har dokumentert delsystem for informasjonssikkerheit, personvern, HMS, risikovurderingar, sikkerheit og beredskap, men manglar eit samla, heilskapleg styringssystem på desse områda.

4.2.2 Informasjonssikkerheit og personvern

I 2024 har HVO fokusert på opplæring og gjennomgang av tilgangsstyring som viktige tiltak for å betre personvernet og informasjonstryggleiken. Vi har lokalt tilpassa e-læringsmodular i sikkerheitsmånaden, og sjølv om gjennomføringsprosenten på opplæringsmodulane kunne vore høgare, har det vore ein auke frå 33 til 45 prosent gjennomføring samanlikna med 2023. Vi har sendt jamlege «stay skeptisk»-e-postar til tilsette for å varsle om hendingar og trendar. I tillegg er Sikresiden og Tavla (intranettet til HVO) brukt aktivt for å informere. Vi har ikkje hatt eigne store sikkerheitshendingar i år, men følgjer opp hendingar i sektoren. Blant anna har vi forbetra backup-lagring lokalt for å kunne gjennomføre gjenoppretting av lokale serverar. Arbeidet med Microsoft 365-skykløysing skjer kontinuerleg i tett samarbeid med andre i sektoren, mellom anna med innføring av Copilot for Enterprise. Verdien av delingskulturen i sektoren på dette feltet er høg.

Det er laga informasjonssider om bruk av kunstig intelligens (KI). Utviklinga på dette feltet går svært raskt, og det er utfordrande å halde seg oppdatert, noko som kan vere ein sikkerheitstrussel for HVO.

Det har vore to personvernendingar. Desse blei handterte etter etablerte rutinar. Underrapportering av avvik er framleis ei stor utfordring.

Øvingar er utfordrande for ei lita verksemd, og Sikt-øvingar er kostbare, noko som gjer det vanskeleg for små organisasjonar å delta. HVO ønskjer ekstern bistand på dette området. Vi har gjennomført desktop-øving og årleg kontroll av aggregat. Øvingane viste at beredskapsplanen i stor grad fungerte og var oppdatert. Kontinuitetsplanane har ikkje vore endra sidan 2023.

Nokre system er sårbare på grunn av personellkompetanse og rask utvikling på feltet, men vi har gjennomført fleire kompetansehevingstiltak og skal fortsetje dette arbeidet i 2025.

4.2.3 Avsetningar

Dei totale avsetningane til HVO var ved utgangen av 2024 på 47,4 mill. kroner. HVO kan setje av 5 prosent av løyvingane frå statsbudsjettet til «andre formål». Totalt avsetningsgrunnlag for 2024 er på 459,4 mill. kroner, der 5 prosent gir ei berekna avsetning på 23,0 mill. kroner. Avsetningane ut over 5 prosent må setjast av til investeringar som skal godkjennast av styret i form av ein langsiktig investeringsplan. Som tabellen nedanfor viser, dekkjer HVO opp

den totale avsetninga si på 5 prosent til andre formål, i tillegg til at vi set av til framtidige investeringar med 24,4 mill. kroner.

Den totale avsetninga for 2024 har auka med 5,3 mill. kroner, noko som gir ein auke på 0,5 mill. kroner til andre formål og ein auke på 4,8 mill. kroner til investeringar. Årsaka til auken i avsetningane skuldast noko lågare kostnader knytte til drifta ved HVO, og dessutan noko lågare investeringstakt. Budsjettet for 2025 tilseier at desse midlane skal nyttast til auka satsing og investeringsprosjekt. HVO har i statsbudsjettet for 2025 fått redusert løyvinga si og forventar at dei avsette midlane vil bli nytta til den vidare drifta. Storleiken på avsetningane har ikkje påverka måloppnåinga til HVO.

4.3 Andre forhold

4.3.1 Campusutviklingsplanar og større byggjeprosjekt

Høgskulestyret vedtok sin andre campusutviklingsplan i september 2020: <https://www.hivolda.no/om/campusutviklingsplan-hvo-versjon-2>

Campusutviklingsplanen gjeld frå 2020 og framover, og planen tok utgangspunkt i høgskulen sin strategi for perioden 2017–2021. I den nye, vedtekte strategiplanen for Høgskulen i Volda 2022–2029 står campusutviklingsplanen sentralt. Styret har i mars 2024 vedteke ein langsiktig investeringsplan som fell godt saman med ambisjonane og satsingsområda i den nye strategien. Ein oppdatert langsiktig investeringsplan blir behandla i styret i mars 2025.

Høgskulen har ambisjon om å «ha eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet». Det er fleire av tiltaka i campusutviklingsplanen som vil støtte opp under dette, mellom anna realisering av Norsk Innovasjonssenter, det nye Aasenkvartalet og vidare oppgradering av fleire opne studentareal og undervisningsrom som legg til rette for studentaktiv læring.

Høgskulen har ein tett og samanhengande campus som set studenten først. Vi oppgraderer idrettsbygget og nye studentareal, noko som gir auka samhald, og gjennomfører andre aktivitetar knytte til studentane. HVO har no også fått ein kommunal svømmehall i tilknytning til campus (Voldabadet), og dette vil både skape ein ny dimensjon knytt til undervisning og vere eit viktig tilbod til studentane.

Avsetninger til andre formål og investeringer fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2024	Avsetning pr. 31.12.2024 i kr	Avsetning pr. 31.12.2024 i pst.
Avsetninger til andre formål	459 374	22 969	5,0 %
Avsetninger til investeringer	459 374	24 415	5,3 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	459 374	47 384	10,3 %

4.3.2 Oppfølging av *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren*

Høgskulen i Volda arbeider aktivt med å implementere system og initiativ som kjem gjennom sektoren frå HK-dir og Sikt, og vi søker å vere representerte i alle aktive forum som er relevante i sektoren. Høgskulen har også teke egne initiativ for å oppfylle visjonane i strategien for digital omstilling. Høgskulen i Volda har ein høg andel studentar som tek heilt eller delvis nettbaserte utdanningar. Vi har i 2024 jobba med korleis både bygg og digitale verktøy skal støtte alle studentar, både dei som er fysisk på campus, og dei som tek utdanningar på nett. For alle studentar er kvaliteten på innhaldet som dei finn i læringsplattforma (Canvas), viktig. Hausten 2023

søkte HVO om midlar gjennom Kompetansehevingsprogrammet for universell utforming, utlyst av HK-dir, og i 2024 har HVO gjennomført prosjekt i tråd med søknaden/tildelinga.

Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda er ei støtteteneste og ein læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans ved bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO.





Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda (HVO) er positive, men den demografiske utviklinga blir truleg utfordrande for rekrutteringa av studentar. Gjennom det siste tiåret har studenttalet auka frå ca. 3 500 til godt over 4 000. Studieporteføljen er prega av ei sterk satsing på etter- og vidareutdanning (EVU). Dette vil òg vere tilfellet i framtida. Samtidig arbeider vi med å vidareutvikle tilbod for studentar på heiltid og deltid i Volda.

Møre og Romsdal ligg langt under landsgjennomsnittet når det gjeld innbyggjarar med høgare utdanning. Det gjeld særleg for lange høgare utdanningar. Tilboda våre er etterspurde i arbeidsmarknaden både regionalt og nasjonalt. Høgskulen i Volda har såleis ei viktig regional, men også nasjonal, rolle å spele i framtida.

Den kulturen som HVO lenge har hatt for nøktern drift, har skapt rom for og ressursar til nybygg og oppgradering av lokala for både undervisning og forskning. Det aller meste av bygningsmassen er oppdatert, noko som skaper eit godt grunnlag for vidare utvikling. Høgskuleområdet og nærliggjande areal er etterspurt med vesentlege satsingar frå det offentlege, idretten og private aktørar. Høgskulen ønskjer å vere ein aktiv deltakar i dette, blant anna gjennom engasjement i Aasenkvartalet og Norsk Innovasjonssenter AS.

Høgskulen har ein gjeldande strategiplan for perioden 2022–2029 og handlingsplan for 2022–2025. HVO skal difor utarbeide ein ny handlingsplan i 2025, i tillegg til å vurdere eventuelle justeringar av strategiplanen. Då høgskulestyret vedtok strategien for perioden 2022–2029, blei det sett som uråd å nå krava for å bli akkreditert som universitet i perioden. No er kriteria endra, og spørsmålet om Høgskulen i Volda skal søkje om å bli universitet, vil bli diskutert i strategiprosessen i 2025.

Viktige føresetnader for strategiane vidare framover er oppstarten av ph.d.-programmet i «Utdanning, språk og kultur» og vidareføring av fellesgraden i helse- og sosialfag (ph.d.) saman med Høgskolen i Molde. Også andre store spørsmål blir viktige i strategiprosessen, slik som retningsval i den vidare utviklinga av studieporteføljen, korleis HVO skal arbeide med dei overordna sektormåla, og korleis vi best kan ivareta samfunnsoppdraget i lys av dei større samfunnsendingane vi ser rundt oss.

Høgskulen vil arbeide aktivt med organisasjonsutvikling i 2025 og framover. Det blir nødvendig på grunn av dei store nasjonale endringane i universitets- og høgskulesektoren, den større geopolitiske konteksten vi no står i, og som konsekvens av dei administrative utfordringane høgskulen har hatt i 2024.

5.1 Forsking

Forsking er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. På dette området arbeider høgskulen svært aktivt med å styrkje måloppnåinga. Vi ser på oss sjølve som ein viktig kunnskapsleverandør innanfor dei fagområda institusjon dekkjer, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Den viktigaste satsinga framover blir å følgje opp det nye doktorgradsprogrammet «Utdanning, språk og kultur». Hausten 2024 tilsette vi dei første stipendiatane for oppstart frå nyttår 2025. Doktorgradsutdanninga er eit viktig grep for å auke kvaliteten og omfanget på forskinga ved høgskulen, og ikkje minst viktig for å sikre forskingsbasert undervisning av høg kvalitet. Forskarutdanningane våre er òg viktige for å sikre at vi held den faglege standarden som utdanningane krev, at dei undervisningstilsette er i kunnskapsfronten, og at vi følgjer det som trengst for at utdanningane skal vere akkrediterte.

Høgskulen har i 2024 vedteke ein ny budsjettmodell, der økonomiske insentiv for forskning blir vidareførte, trass i at desse insentiva fell vekk i den nasjonale modellen. I 2025 og i dei påfølgjande åra blir innretninga av interne intensivordningar for forskning ein viktig del av det strategiske arbeidet. For å sikre at det blir forvalta på ein dynamisk og aktiv måte, har styret delegert handteringa til Forskingsutvalet. Styret vil følge arbeidet gjennom årlege forskingsmeldingar.

For framtida til sektoren som heilskap ser vi at det blir viktigare å hente inn eksterne inntekter. Då er det nødvendig at vi har forskning av høg nok kvalitet for å kunne nå opp i konkurransen om tildelingar på aktuelle nasjonale og internasjonale arenaer. Vi vil arbeide systematisk og målretta for å støtte vitenskapleg tilsette som ønskjer å søkje om midlar frå det norske eller europeiske forskingsrådet og gjennom andre relevante finansieringskjelder.

5.2 Utdanning

Søkjartala i Samordna opptak har vore nedgåande for ein del av grunnutdanningane vi driv; til no har det ikkje vore like

stor nedgang i talet på møtte studentar. Men vi ser ei vriding der det aukar med studentar på nettstudium og kortare vidareutdanningsprogram, medan det er ein nedgang i studenttalet for dei stadbundne gradsutdanningane ved HVO.

Styret vil arbeide for å få fleire studentar også til dei lengre gradsutdanningane. Her er kvalitet og attraktivitet nøkkelogrep for korleis vi ser føre oss å arbeide framover, i tillegg til omdømebygging og rekrutteringskampanjar. HVO har eit godt omdøme når det gjeld studiekvalitet, og det ønskjer vi å bygge vidare på. Eit viktig steg her blir strategiprosessen som Høgskulen i Volda skal i gang med i 2025. Det er viktig å vidareføre det gode arbeidet med læringsmiljøet og studentaktive læringsformer. Ei særskild satsing framover er mellom anna å støtte det viktige arbeidet med å bygge opp under studentdemokratiet ved høgskulen.

Kjerneporteføljen skal evaluerast med tanke på økonomisk berekraft på lengre sikt, og vi er så vidt i gang med eit prosjekt for å sjå nærmare på korleis vi kan jobbe for betre tilfang av campusstudentar. Styret har i budsjettet for 2025 sett av midlar til arbeid med studieporteføljen. Eit viktig aspekt blir å rasjonalisere innhaldet i ein del studieprogram gjennom meir samarbeid på tvers. Det kan vere aktuelt med både større omleggingar og nedleggingar av eksisterande studietilbod. Det vil kunne frigjere ressursar til kvalitetsarbeid og skape rom for tenlege omprioriteringar, som til dømes oppretting av nye studietilbod.

Vi tilbyr viktige samfunnsberande utdanningar. Det er viktig å bevare fagmiljø og ha handlingsrom, sjølv om søkjartala til studia våre no ikkje er på det nivået vi har ambisjon om at dei skal vere. Vi har tidlegare sett at behova i samfunnet kan endre seg raskt, og vi vil difor arbeide for auka fleksibilitet og å kunne omprioritere undervisningsressursar mellom gradsutdanningane (kjerneporteføljen) til etter- og vidareutdanning (EVU) i tråd med skiftande tider i samfunnet rundt oss.

I fylket vårt har elevtalet i vidaregåande skule gått gradvis nedover siste åra, og statistikken tilseier at det om 15 år er 1 700 færre elevar i Møre og Romsdal enn i dag. Framover blir det difor viktig å jobbe meir strategisk og utarbeide ein rekrutteringsplan der andre regionar i landet og meir utradisjonelle studentgrupper må vektleggjast. Det bør arbeidast meir heilskapleg og langsiktig for å nå ut til potensielle søkjarar og få dei til å velje HVO. I ein stadig sterkare konkurranse må HVO bli meir synleg og meir marknadsorientert i kommunikasjonen og rekrutteringsarbeidet.

Høgskulen i Volda har ein fagprofil som byggjer på samfunnsvitskap og humaniora. Med tanke på utfordringane knytte til rekruttering i dag og framover, og det konkurransebiletet vi står overfor, er ein gjennomgang og vurdering av både den samla studieporteføljen og HVO sin faglege profil noko vi naturleg vil gjere som del av strategiarbeidet i 2025.

5.3 Økonomi

Etter omlegginga til nytt finansieringssystem har det vore viktig å kvalitetssikre rutineane for utarbeiding av talmaterialet ein nyttar i den langsiktige planlegginga. Høgskulen har i fleire år utarbeidd langtidsbudsjett som skal gi styret og leiinga signal om ei mogleg økonomisk utvikling. Sektoren er inne i ein stor omstillingsprosess, med påfølgjande endringar i rammevilkår, arbeidsdeling og prioriteringar. Basert på høgskulen sitt langtidsbudsjett vil løyvinga bli redusert, år for år, i perioden 2026–2030, om ein ikkje tek omsyn til løns- og prisstigningane. Høgskulen arbeider aktivt for å sikre ei betring av det økonomiske handlingsrommet. Dette blir gjort gjennom aktivitet som skal auke den resultatbaserte løyvinga, og sterkare vektlegging av bidrag- og oppdragsaktivitet (BOA), både innan forskning og etter- og vidareutdanning (EVU). I tillegg blir det viktig å sjå på dei fleste kostnadselementa rundt drift og effektivisering av ulike prosessar.

Strammare økonomi fører til behov for endring. Kontinuerleg bør vi difor vurdere om høgskulen er organisert på ein tenleg måte for å utføre samfunnsoppdraget og for det økonomiske handlingsrommet. Dette er krevjande prosessar som vil påverke både organisasjonen og tilsette. Høgskulen vil gjennomføre gode prosessar som sikrar dagleg drift og nødvendig vidareutvikling, samtidig som ein tek omsyn til dei tilsette – både som grupper og enkeltindivid.

Parallelt med at økonomien blir trongare, skal det innførast fleire nye administrative system, mellom anna for ressursplanlegging og handsaming av studieadministrative oppgåver. I tillegg skal ein i 2027 implementere ei erstatning for dagens ERP-system (økonomisystem). For ein liten institusjon kan det vere krevjande å ha mange slike prosessar gåande samtidig. For å sikre at ein får gjort det på ein måte som ikkje går utover kvaliteten på arbeidet, blir det viktig med samhandling og organisasjonsutvikling på tvers av heile høgskulen.

5.4 Planar for 2025

I eit styremøte i desember 2024 vedtok høgskulestyret planar for 2025. Det er planlagt viktige tiltak knytte til organisatorisk og administrativ utvikling, som til dømes følgjande:

- Organisasjonsretta utviklingsarbeid med fokus på berekraft, etiske retningslinjer, internkontroll og utvikling som følge av ny universitets- og høgskulelov med tilhøyrande nasjonale og lokale forskrifter, i tillegg til etablering av sentrale møtearenaer for leiinga og vitskapleg og administrativt tilsette med tanke på kompetanseutvikling og utviklings- og endringsprosessar.
- Ta i bruk vedteke system for mål- og indikatorstruktur og dessutan vidareutvikle system for styring og rapportering for å betre følgje opp sentrale krav og forventningar og eigne strategiske satsingar og bidra til å kunne dokumentere utviklinga på sentrale område/aktivitetar ved HVO.

- Utarbeide og setje i verk prosessar og tiltaksplanar som følgje av endra økonomiske føresetnader for drifta, medrekna å ta i bruk og vurdere erfaringar med ny budsjettmodell, målretta BOA-satsingar og dessutan å utarbeide kriterium for flytting av studieplassar (grunnfinansiering).

Planane for 2025 inneheld også prioriterte tiltak knytte til dei fire satsingsområda i strategiplanen for HVO, som er tett knytt til utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet

- Heve kvaliteten på forvaltning og styring av den samla studieporteføljen og organisere studietilboda i tråd med ny finansieringsmodell og opptaksrammer, medrekna gjennomgang av kvalitetssystemet og etablering av tydelege godkjenningsorgan for studieprogramutvikling (LOKUT).
- Sikre etterleving av lovpålagde krav om universell utforming

2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga

- Implementere og ta i bruk system for rapportering for alle som HVO finansierer doktorgradsløpet for (stipendiatar og 50/50-ordninga), med mål om auka gjennomstrøyming og kvalitet i utdanninga.
- Revisjon og implementering av retningslinjer for forskingsgrupper med mål om auka FoU-aktivitet og kvalitet i forskinga.

3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt

- Etablere eit felles system/verktøy for bemannings- og kompetanseplanlegging for å sikre lovpålagde krav på kort og lang sikt.
- Vurdering og utvikling av framtidige kriterium for tildeling og endring av FoU-tid, og dessutan utvikle felles rammer for utarbeiding av arbeidsplanar.

4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

- Vidareføre arbeidet med å utvikle Norsk Innovasjonssenter AS i tett samarbeid med Volda kommune og andre sentrale aktørar i lokalt og nasjonalt arbeids- og næringsliv.
- Vidareføre arbeidet med å realisere det nye Aasenkvartalet i tett samarbeid med Volda kommune, Volda Utvikling AS og lokalt nærings- og arbeidsliv.

5.5 Årsbudsjett 2025 – overordna

Rammeløyvinga til høgskulen for 2025 blei som venta i høve dei endringane som kom av ein endra finansieringsmodell for sektoren. HVO fekk ein realnedgang i løyving på 4,8 prosent og ein reell reduksjon på 11,7 mill. kroner i resultatbasert tildeling. I tillegg gav utfasing av rekrutteringsstillingar og studieplassar ein reduksjon på 15,7 mill. kroner.

Dette har ført til at det har vore ein utfordrande budsjettprosess for fleire avdelingar ved høgskulen i 2024. Ifølgje det vedtekne budsjettet for 2025 vil HVO bruke 11,7 mill. kroner av avsette midlar til andre formål.

Det blei i 2024 gjennomført ein stor revisjon av HVO sin eksisterande budsjettmodell. Det blei vedteke ein del endringar, og det skal arbeidast med vidare omleggingar i 2025. Målet er å forenkle og leggje til rette for meir målretta satsingar.



Del VI: Årsrekneskap 2024

Leiingskommentar 2024 for Høgskulen i Volda

1. Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet, med opplysning om eventuelle avvik. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

2. Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap, inkludert omtale av økonomisk drift

Rekneskapsåret 2024 har vore eit år med god aktivitet på fag- og forskingsarbeid der organisasjonen gradvis har teke inn over seg dei endringane sektoren står overfor, og dei utviklingsområda som må fokuserast på vidare.

Driftsresultatet for 2024 er på 7,4 mill. kroner, som er høgare enn budsjettet som ligg på 2,6 mill. kroner. Dette gir eit avvik på 4,9 mill. kroner. Årets driftsresultatet er basert på eit tilnærma normalår også i høve til nivået på investeringar. Samanlikna med driftsresultatet for 2023, som viste eit driftsresultat på -55,9 MNOK, så er endringa på heile 64,7 MNOK, dette skuldast høgare investeringar knytt til eit eigedomsprosjekt i 2023.

Driftsinntektene for 2024 ligg på 523,1 mill. kroner mot eit budsjett på 516,1 mill. kroner, ein auke på 7,0 mill. kroner. Aukn i inntekter i forhold til budsjett er eit resultat av fleire forhold. HVO har ein total lågare investeringstakt enn planlagt som viser eit mindreforbruk til investeringar mot budsjett på 6,5 mill. kroner, som er hovudgrunnen til at Inntekt frå løyving er høgare enn budsjett med 7,4 mill. kroner. HVO har og fått ei ekstra tildeling i revidert nasjonalbudsjett retta mot profesjonsnære utdanningar og dispensasjon frå nivåkravet der HVO fekk tildelt 0,5 mill. kroner. Midlane skal vere eit bidrag til gjennomføring av tiltak som skal ivareta dei omsyn som nivåkravet stiller. Elles har HVO avvik på Inntekter frå tilskot og overføringar (-2,3 mill. kroner) og Sals- og leigeinntekter (2,1 mill. kroner) som i stor grad skuldast lågare bidragsaktivitet og høgare oppdragsaktivitet enn forventa i budsjettet. Dette gir likevel ein netto nulleffekt på resultatet. I forhold til 2023-rekneskapen har driftsinntektene auka med heile 78,0 mill. kroner, noko som skuldast store bygningsmessige investeringar gjennomført i 2023, der endringa på Inntekt frå løyving ligg på totalt 85,3 mill. kroner.

Totale BOA-inntekter knytt til bidragsaktivitet er redusert frå 2023 til 2024 med 6,8 mill. kroner.

Den samla bidragsfinansierte verksemda som ligg under Inntekt frå tilskot og overføringar er for 2024 på 38,2 mill. kroner, som

er 2,3 mill. kroner under budsjett. HVO hadde ein spesielt høg BOA-aktivitet knytt til bidragsverksemd i 2023 som og inneheld eit bokført etterslep, slik at ein reduksjon knytt til dette området var forventa og resulterte i ein reduksjon på 6,8 mill. kroner samanlikna med rekneskapen for 2023. HVO forventar at bidragsinntektene ytterlegare vil gå ned når endringane knytt til dei store statlege prosjekta til etter- og vidareutdanning av lærarar no vert endra. HVO ligg framleis svært lågt på BOA-inntekter knytt til NFR- og EU-prosjekt.

Oppdragsfinanserte prosjekt under Sals- og leigeinntekter, ligg på 8,1 mill. kroner totalt og viser eit positivt avvik både mot budsjett, og ein auke frå 2023. I tillegg har HVO høgare inntekter knytt til andre salsinntekter som gjeld større faglege arrangement.

Totale driftskostnader ligg på 515,7 mill. kroner, som er 2,1 mill. kroner over budsjett og 13,4 mill. kroner høgare enn 2023-nivået. HVO har høgare lønnskostnader enn budsjett på 5,1 mill. kroner der avviket er ein nettoeffekt av høgare kostnader til vikarar og ekstrahjelp samt høgare lønnsutvikling enn berekna med motpost i auka sjukelønnsrefusjonar i høve budsjett. Auke i lønn og sosiale kostnader i forhold til 2023-tala ligg på 6,1 mill. kroner og skuldast i stor grad ein effekt av lønnsoppgjør inklusiv sosiale utgifter og pensjon.

Andre driftskostnader ligg under budsjett for 2024 med 4,8 mill. kroner, og viser ein auke frå 2023-nivået på 7,7 mill. kroner. Reduksjonen knytt til budsjettet for 2024 skuldast noko reduksjon i BADkostnader knytt til eigedom, lågare praksiskostnader enn budsjett og lågare IT-kostnader enn forventa. Auka driftskostnader frå 2023 kjem i det vesentlege av auka kostnader knytt til eigedom og leigekostnader, då HVO i 2023 ikkje hadde leigekostnader knytt til Hans Strøm-huset. Når det gjeld UH sak så ligg nettoeffekten av HVO sine tidlegare aktiveringar som nedskriving med 1,3 mill. kroner.

Det vert stadfesta at rekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda.

3. Utvikling i avrekna løyvingfinansiert verksemd

HVO har ved utgangen av 2024 bokført avsetningar på løyvingfinansiert verksemd på 47,4 mill. kroner. Samanlikna med 2023-tal der totale avsetningar låg på 42,1 mill. kroner, gir dette ein auke i avsetningane for løyvingbasert verksemd med 5,3 mill. kroner.

Avsetningane for 2024 er på eit tenleg nivå ut frå strategiane og planane til HVO, samt langtids investeringsplanen.

Ut frå tabellen kan HVO sette av 5% av total løyving, det vil seie 23,0 mill. kroner, til andre føremål. Avsetningane over 5% er avsett til investeringar og ligg ved årsskiftet på 24,4 mill. kroner. Midlane

Avsetninger til andre formål og investeringer fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning for 2024	Avsetning pr. 31.12.2024 i kr	Avsetning pr. 31.12.2024 i pst.
Avsetninger til andre formål	459 374	22 969	5,0 %
Avsetninger til investeringer	459 374	24 415	5,3 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	459 374	47 384	10,3 %

vil i all hovudsak nyttast i samsvar med campus- utviklingsplanen vidare og mot HVO sin strategi og utvikling. HVO sin langsiktige investeringsplan er oppdatert og vil leggest fram for styret for godkjenning saman med 2024-rekneskapen.

Avsetningane til andre føremål skal brukast til HVO sine langsiktige strategiske planar. HVO har i 2024 hatt planar som underbygger strategiplanen for 2022-2029. Nokre av planane er gjennomførte, mens andre vil bli påbegynt i 2025. I 2024 vart det vedteke oppstart av eit nytt Ph.d.-studium på HVO med oppstart i 2025, samt at HVO har ein prosess kring oppstart av sjukepleiarutdanning i 2026. I tillegg er det under arbeid ein EVU-strategi og andre moglege nye studium, samt arbeid knytt opp mot næringsliv og offentleg sektor som ledd i arbeidet med å få realisert Norsk Innovasjonssenter AS.

Nedskalering og bortfall av dei nye studieplassane og stipendiatstillingane HVO fekk tildelt i RNB 2020, vil få ein vesentleg økonomisk effekt dei neste åra som HVO må førebu seg på. I tillegg har HVO lågare produksjon på resultatbaserte kategoriar, som og gir lågare inntekt framover. Dette er ein situasjon HVO må ta tak i, og det er opp til HVO å lykkast med dette arbeidet. Reduksjonen i den totale løyvinga for 2025 har heile HVO merka seg, og framover må ein ha tett økonomisk oppfølging og gjere nødvendige prioriteringar.


Vi legg difor meir tid og arbeid i oppdaterte økonomiske tal, prosjektstyring og andre prognosar gjennom året. I tillegg til å fokusere på andre viktige måltal for HVO. Oppdaterte måltal og styringsinformasjon vart vedteke av styret hausten 2024.

4. Gjennomførte investeringar og planlagde investeringar i seinare periodar

Totalt er det bokført investeringar for 13,8 mill. kroner i 2024.




Odd Helge Mjøllem Tonheim
rektor og styreleiar



Randi Bergem



Per Halse



Kjersti Kleven




Rasmus Stokke




Bjørn Gunnar Tafford



Roar Tobro



Silje Louise Dahl



Lars Erik Hansen



Irene Sandsli

Investeringane har gått til planlagt oppgradering og vedlikehald på høgskulen. Vi ligg bak på nokon planlagde investeringar der vi er avhengige av Statsbygg som eigar av bygga for å setje i gang, og som gjer at eigedom overfører avsette midlar til investeringar til 2025. IT har og ubrukte investeringsmidlar grunna utsette prosjekt som skal gjennomførast i 2025. Totale overførte midlar av tidlegare avsetningar er 6,5 mill. kroner. Budsjettet for 2025 legg opp til å bruke 5,6 mill. kroner av avsetninga til investeringar.

HVO sin langsiktige investeringsplan vil bli framlagt for styret i mars 2025, i samband med godkjenning av årsrekneskapen for 2024. Det blir lagt opp til å bruke meir av dei avsette investeringsmidlane dei neste åra. Siste godkjende langsiktige investeringsplan vart godkjent av styret i mars 2024. I ettertid har vi fått tilbakemelding frå NOKUT, som har hatt ein gjennomgang avHVO sin langsiktige investeringsplan. Desse tilbakemeldingane er no tekne omsyn til, og den nye investeringsplanen er i tråd med KD si rettleiing og tilbakemeldingane frå NOKUT, som i stor grad gjekk på informasjon og struktur. Investeringsbehovet og prioriteringane er vurdert ut frå campusutviklingsplanen som vart vedteken av høgskulestyret i 2020 samt HVO sin strategi og planar.

Dei neste åra vil desse investeringane verte prioritert:

- Oppgraderingar kring undervisningslokale og spesialrom.
- IT-investeringar knytt til oppgraderingar og utvikling mot IKT-måla i sektoren.
- Fortsette arbeidet med etablering av gode fellesareal for studentane, både inne og ute.

5. Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Grunnbevilgning fra departementet som er ment å finansiere ordinære driftsaktiviteter er opptjent pr. 31.12 hvis ikke institusjonen eller departementet har satt konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

